

Mariusz Myszoglad  
Nordre Toppe 51  
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8316 - 20/24962

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
04.05.2020

## **Svar på søknad om avkjørsle fra kommunal veg for fritidsbustad - GBNR 327/54, Sjøvegen**

**Tiltak:** Bruk av eksisterande avkjørsle for fritidsbustad  
**Byggjestad:** Sjøvegen, Moldekleiv  
**Tiltakshavar:** Mariusz Myszoglad  
**Ansvarleg søker:** Mariusz Myszoglad

Saka gjeld søknad om bruk av eksisterende avkjørsle til eksisterande fritidsbustad på gbnr 327/54.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Tiltakshavar ønsker å nytte privat veg som tilkomstveg til eksisterende fritidsbustad på gbnr 327/54. Privat veg er etablert for at kommunan skal ha tilkomst til kommunal slamavskiljar. Kommunen står som eigar av nedste del av vegstrekninga der slamavskiljar er etablert. For øvste del av vegstrekninga, som eigar av gbnr 327/54 ynskjer å nytte, står Meland Utbyggingsselskap AS (Meland kommune) oppført som hovudeigar.

#### Vurdering/drøfting:


Det er naturleg at gbnr 327/54 har tilkomst via privat veg i Sjøvegen. Kommunen kan ikkje sjå at det er mogleg å etablere ei anna vegtilkomst til eigedom. Avkjørsla det søkjast om løvve til å nytte er regulert inn i reguleringsplan for Moldekleiv (Planid 125619780001).

Gbnr 327/54 er ei av fleire fritidseigedomar som ikkje er omfatta av reguleringsplan for Moldekleiv. Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning er difor usikker på om desse fritidseigedomane automatisk har rett til å nytte privat veg som køyreveg.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

For å sikre at samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning ikke gir eit løyve som er i strid med eventuelle privatrettslege avtaler vert det sett krav om at vegrett som gjeld køyreveg skal være sikra før avkjørsle vert teke i bruk. Dette kravet gjeld dersom ei slik vegrett ikke er sikra av reguleringsplan og dersom eigedom berre er sikra gangvegrett. Ei gangvegrett er ikkje det same som ei rett til å nytte ei privat veg som køyreveg.



#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert det som forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for fritidsbustad på vilkår.

#### **Vedtak:**

Alver kommune gjev løyve til å nytte eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for fritidsbustad på gbnr 327/54 på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova § 40-43, samt vognormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsla, sikt, svingradius, drenering under avkjørsla og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siksone til avkjørsla er regulert i reguleringsplan og satt til minimum  $6 \times 45$  meter.
- Eventuelle privatsrettslege avtaler om bruk av privat veg som køyreveg skal ligge føre før avkjørsle vert teke i bruk.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam på at dersom avkjørsla har manglar som må utbetraast for å stette tekniske krav, kan dette være søknadpliktig etter plan og bygningslova.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjenvæsst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf.  
Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar  
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør  
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Mariusz Myszoglad

Nordre Toppe 51 5136

MJØLKERÅEN